

Knut Tangedal

Dato: 22.11.2016
Vår ref.: 2015/5638-13
Saksbehandlar: irevelu
Dykkar ref.:

Svar på epost av 6.10.16 - Dårleg vegvedlikehold på fylkesveg 570 i Masfjorden kommune

Viser til epost av 6.10.2016 om dårleg vegvedlikehald på fylkesveg 570 frå Duesund ferjekai til Gulen kommunegrense retning Sløvåg. Vi er samd med deg at det er behov for opprusting av vegen du nemner. Samtidig må vi minna om at vi har nærare 3000 km med fylkesveg i fylket vårt, og ein stor del av dette har behov for opprusting. Berre det å ta igjen ein del av forfallet krev mykje midlar kvart år, og det er ikkje mange prosjekt vi har høve til å rusta opp innafor dei økonomiske rammene vi har.

Strekninga du nemner på fylkesveg 570 frå Duesund ferjekai til Gulen kommunegrense retning Sløvåg er ein del av det øvrige fylkesvegnett. Dersom denne vegen skal opprustast, vil det vera ein naturleg del av det pågåande arbeidet med handlingsprogram til RTP. Her vil ein liste opp prioriteringar og tiltak for å utføra vedlikehald punktutbetring og mindre strekningsutbetring på det øvrige fylkesvegnettet. Den endelege og prioriterte lista over vegar som får utført vedlikehald er ikkje klar før hausten 2017. Me kan difor ikkje pr. dags dato lova at denne strekninga vert med, men tek med innspelet dykkar når me skal setja opp prioriteringa.

Når det gjeld asfaltering, blir dette utført årleg etter ei økonomisk ramme. Statens vegvesen lagar forslag til strekningar utifrå denne ramma.

John Martin Jacobsen
leiarIrene Velure
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.